



Stendal WS As

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Løyve - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde – gnr/bnr 58/96 – utslepp til sjø frå minireinseanlegg

Vi viser til skriv av 7.12.2022 der det vert søkt om dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde for utslepp til sjø frå nytt minireinseanlegg på gnr/bnr 58/96 i Alver kommune. Vi forstår søknaden slik at det er stilt krav om dette i staden for den opphavlege løysinga med utslepp via slamavskiljar til filtergrøft med avrenning mot sjø, etter at hytta brann ned i 2021. Den omsøkte løysinga vil då krevje at det vert lagt ut røyr ut i sjøen frå minireinseanlegget.

Verneforskrifta

Lurefjorden og Lindåsosane er eit viktig marint verneområde og er så langt det einaste verneområdet av denne typen i Vestland fylke. Det er ei viktig målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. I dette tilfellet vil det meste av tiltaket liggje på land, og her vert terrenginngrepa reduserte. Tiltak på land vert ikkje omfatta av verneforskrifta. Men minireinseanlegget må knytast til ein avløpsledning eit kort stykke ut i sjøen. Etablering av denne ledningen krev mellom anna dispensasjon frå forvaltingsstyresmakta, jf verneforskrifta § 5 b.

Også utsleppet til sjø føreset normalt dispensasjon frå verneforskrifta. I dette tilfellet finst ingen dispensasjonsheimel i den aktuelle forskrifta, ein må då heimle vedtaket i naturmangfaldlova § 48. I nett denne saka er likevel utsleppet å sjå på som så lite at vi vel å handsame søknaden berre etter verneforskrifta § 5 b.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Alle tiltak som vedrører natur skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, §§ 8-12. Dette gjeld også dispensasjonar frå verneforskrifter. I dette tilfellet vurderer vi påverknaden på det marine verneområdet å vere svært liten. Vi har ikkje detaljkunnskap om naturmangfaldet i det konkrete tiltaksområdet, men er ikkje kjende med at det finst spesielt sårbare naturførekomstar her. Dessutan er det ein del bygningar på land i nærområdet, så det marine området er neppe heilt utan påverknad frå før. Vi vel å sjå det slik at vi har tilstrekkeleg kunnskap om marine tilhøve i denne



fjorden til å kunne avgjere saka, jf naturmangfaldlova § 8. Dermed er det mindre aktuelt å stille krav etter § 9.

Tiltaket er lite, og det kan vanskeleg karakteriserast som nemneverdig auka samla belastning på naturmiljøet (§ 10). §§ 11 og 12 er også innfridd, ettersom kostnadane vert dekt av tiltakshavar og teknikken er vurdert å vere miljøforsvarleg.

Vedtak

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter verneforskrifta § 5b og godkjenner søknaden. Føresetnaden er at tiltaket også er godkjent av kommunen etter forureiningsregelverket, og at det ikkje er i strid med gjeldande føringar etter plan- og bygningslova.

Eventuelle overskotsmassar og skrot som måtte følgje av tiltaket på land kan ikkje dumpast i sjøen.

Vedtaket gjeld utelukkande etter verneforskrifta og vedrører ikkje eventuelle privatrettslege tilhøve.

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Statsforvaltaren i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er kjend med vedtaket.

Med helsing

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent